

Region Nordhordland - oppsummering og prioritering av søknadar om skjønsmidlar 2017

Godkjent, Regionrådet 13. mars 2017

Prosjekt	Varigheit	Søkjarkommune	Pri.	Krit. FM	Søkt om	Regionråd tilrår	Merknad.
Interkommunal oppdrett-/akvakulturplan Region Nordhordland	2017-18	Radøy	1	5	750 000	750 000	Felles interkommunaltprosjekt gjennom NUI. Fylkesmannen har oppfordra regionen til å gjennomføra ein interkommunal plan for oppdrett/akvakultur i Nordhordland. Viser til tildeling 2016 og til møte 8. med FMHO 8. februar 2017.
Samarbeid for planlegging, innføring og bruk av velferdsteknologi i seks kommunar i Nordhordland.	2016-19	Masfjorden	2	1	890 000	890 000	Nordhordlandskommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Gulen vil samarbeide, slik at alle kommunane kan nå målet om at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av helse- og omsorgstenestene i 2020. Kommunane har ikkje tidlegare søkt om tilskot innan velferdsteknologi. Bakgrunn for å søkje midlar til eit felles prosjekt er at ingen av samarbeidskommunane har tilstrekkeleg ressursar, og kompetanse kvar for seg til å handtere og implementere velferdsteknologi på ein kvalitativ god måte. Gjennom eit samarbeid vil kommunane samle ressursane til felles løysingar, i staden for at alle kommunane arbeider med det same kvar for seg.
Samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås	2017	Lindås	2	1	1 500 000	1 200 000	Frå 2020 skal Radøy, Meland og Lindås bli ein kommune. Desse har i dag ulik ståstad når det gjeld kompetanse,implementering og bruk av velferdsteknologi. For å nå felles ståstad og kunne yte likeverdige tenester til innbyggjarane i den nye kommunen, må ein iverksetje tiltak og målretta samarbeid. For å lukkast med slike endringar krev det fokus på målretta endringsleiing. Prosjektet er også i tråd med nasjonale føringer - jf Omsorg 2020.
Prosjektet «Plandata på internett til alle frå Nordhordlandsregionen » i 2017.	2017	Radøy	4	5	600 000	600 000	Satsingsprosjektert med arbeidstitelen: <i>Plandata på internett til alle frå Nordhordlandsregionen</i> . Resultata frå dette prosjektet vil ha betydeleg nytteverdi for kommunane i Nordhordland og i fylket elles. Dette for forvaltning og innbyggjarane si bruk av plandata. Forvaltning med dette er Stat, fylkesmenn, fylkekommunar og kommunar. Vidare har det viktige digitaliseringseffektar av arbeid med planar for innleigde konsulentar, private planarbeid osv.
Beredskapsplanlegging ny kommune (Radøy, Lindås og Meland)	2017	Lindås	5	2	300 000	300 000	Kommunane Meland, Radøy og Lindås skal slå seg saman til ein ny kommune frå 01.01.2020. I tida fram til den nye kommunen er på plass, er det behov for å etablere ulike prosjekt som skal førebu og leggje til rette for arbeidet i den nye kommunen. Eitt av desse områda er arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, og det ansvaret kommunen har etter lov om kommunal beredskap (Sivilbeskyttelseslova) og forskrift om kommunal beredskapsplikt
Oppretting av prosjektstilling i samband med kommunereforma og digital dokumentforvaltning og digitalital samanslåing	2017	Meland	6	3	216 000	220 000	Oppretting av ei prosjektstilling i innan arkiv og digital samanslåing i tilknytning til den ventande kommunereforma. Meland, Lindås og Radøy sin del av ein søknad i Hordaland. Me viser til søknad frå andre kommunar / regionar i Hordaland i samarbeid med IKAH.
Søknad om skjønsmidlar til interkommunal kommunedelplan for Austfjorden	2017	Masfjorden	7	5	300 000	300 000	Vise til møte om interkommunale kpdelplan for Fendsfjorden som vart halde hos Fylkesmannen 21. februar. Målet er å få på plass ein juridisk bindande arealplan som dekker begge kommunane sine sjøareal frå grense Gulen over til Mongstad og innover Masfjorden oog Austefjorden m.v.
Total sum frå Regionen					4 556 000	4 260 000	

Andre

Utgreiing av skogbrukstiltak mot ras, flaum og stormbrott i 4 pilotkommunar	2017	Osterøy		4	145 000		Våren 2017 vart det etablert ei arbeidsgruppe for vernskog i Hordaland. Denne gruppa består av Voss kommune, Osterøy kommune, Bergen kommune, Kvinnherad kommune, Fylkesmannen i Hordaland og Norges vassdrags- og energidirektorat. Landbruksdirektoratet v/Rune Nordrum vil ha ei rolle som observatør
---	------	---------	--	---	---------	--	--

Søknadssum er justert i forhold det Regionen trur vil kunne vera realistisk i forhold til pro rata tildeling og erfaringar frå tidlegare. Ein vektlegg også at prosjekt vil kunne gå over fleire år, og at dei derfor også søker neste år.

Fylkesmannen sine kriterier.

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidretta og gode omsorgs-tenester, jf. Omsorg 2020.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.
3. Interkommunale samarbeidsprosjekt som kan førebu framtidig kommunesamanslåing, t.d. innan tenesteområda plan- og byggesak, helse og barnevern.
4. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp.
5. Interkommunalt planarbeid innan GIS, oppdrett / akvakultur, massedeponi

Satsingsområde

Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren i fylket. prosessar innan og mellom kommunar for å utvikla tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta.

Samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar

Større nedslagsfelt og betre læringseffekt

Gje kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen

Ikkje tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver, eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet.

Ikkje støtte til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar.

Region Nordhordland - oppsummering og prioritering av søknadar om skjønsmidlar 2015

Godkjent i Regionrådet, 13. mars 2015

Prosjekt	Varighet	Søkjarkommune	Pri.	Krit. FM	Eigenandel	Søkt om	Tilrår sum	Merknad.
Interkommunalt samarbeid for utvikling av framtidsetta og gode helse- og omsorgstenester i Nordhordland døgntbasert rehabilitering / psykisk helse / rusbarn og unge	2015	Lindås/NUI	1	2	800 000	800 000	800 000	Felles prosjekt gjennom NUI. Viktig samarbeidsprosjekt i Regionen som alle kommunane har slutta seg til.
Kommunereforma	2015	Radøy/NUI	2	*	568 000	800 000	800 000	Felles prosjekt gjennom NUI. Kr 100 000 pr. kommune
Ta vare på matjord	2015	Meland / NUI	3	5	300 000	300 000	300 000	Felles prosjekt gjennom NUI. Fylkesmannen har oppmoda kommunane i RN om å søkja skjønsmidlar.
Forprosjekt for å avhjelpa barnefattigdom	2015	Osterøy	4	1	100 000	100 000	100 000	Eigenandel 100 000
Kartlegging av friluftsområde i Radøy, Austrheim og Meland kommunar	2015	Radøy	5	2	175 000	180 000	180 000	Saman med Austrheim og Meland. Folkehelseprosjekt. Søkjer og fylkeskommunen om kr. 180 000
By og tettstadutvikling	2015-2016	Meland	6	3	1 100 000	1 000 000	1 000 000	Meland og Lindås. Viktig prosjekt i forhold til utvikling av aksene Frekhaug - Knarvik og busetning og utvikling av Fløyområdet sør i regionen.
Strandpromenade Årsvågen, trinn 1	2015	Austrheim	6	3	1 000 000	520 000	70 000	Søknad om støtte til finansiering til prosjektering og strandpromenade 1. Ein kommune. Dette er ikkje innovasjonsprosjekt. Skjønsmidlar vert ikkje gitt til fysiske tiltak / drift og investering.
Områdeplan Knarvik, delprosjekt gatebruksplan og lysplan.	2015	Lindås	6	3		442 000	442 000	Oppfølgingstiltak Områdeplan Knarvik
Områdeplan Knarvik, delprosjekt miljøfagleg utgreiing.	2015	Lindås	6	3		216 000	216 000	Oppfølgingstiltak Områdeplan Knarvik
Total sum frå Regionen						4 358 000	3 908 000	

Andre

Klimaservice i Hordaland		Osterøy		4, 5		1 500 000		Søkt om 1 500 000. Søknad er vanskeleg å ta stilling til i Regionrådet. Søknaden er positiv og viktig, men den omfattar andre kommunar i Hordaland. FMHO må derfor vurdere søknaden i ein større samanheng.
--------------------------	--	---------	--	------	--	-----------	--	---

Søknadssum er justert ned i forhold det Regionen trur vil kunne vera realistisk i forhold til pro rata tildeling og erfaringar frå tidlegare. Ein vektlegg også at prosjekt vil kunne gå over fleire år, og at dei derfor også søkjer neste år.

Fylkesmannen sine kriterier.

1. Barn og unge - kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom
2. Støtte til lokale / interkommunale tiltak for utvikling av framtidsetta og gode omsorgstenester
3. By- og tettstadsutvikling
4. Beredskap og samfunnstryggleik
5. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusere klimagassutslapp

Satsingsområde

Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren i fylket.

prosessar innan og mellom kommunar for å utvikla tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta.

Samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar

Større nedslagsfelt og betre læringseffekt

Gje kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenestoområda i kommunen

Ikkje tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver, eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet.

Ikkje støtte til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar.